



Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

offentleglova § 15

## Svar - Forslag til endring - Mindre planendring til Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 - Forslag frå Austrheim kommune

Vi viser til kommunestyrevedtak 051/19 og 052/19 den 12.09.19, møte med kommunen 09.10.19 og epost 21.10.19 frå kommunen med forslag til endring av plan.

Fylkesmannen viser til at det var semje om at Fylkesmannen skal få utvida klagefrist på vedtak slik at kommunen får høve til å vurdere vedtak 051/19 og 052/19 på nytt.

Om kommunen skal endre reguleringsplanen må planen endrast i eigen planprosess.

Når det gjeld dei konkrete endringane i epost sendt 21.10.2019, har vi ikkje merknader til endringane i arealbruken. Vi meiner føresegna må endrast slik at det vert sett krav om fjerning av flytebrygge på gnr. 130 bnr. 9 før ein kan gjere tiltak i BUN3. Vi viser også til at neset nord for BUN 3 har gode strandsonekvaliteter og det er difor særleg viktig at utviding av BUN3 ikkje førar til store terreng inngrep. Det må vere ei føresegn som sikrar at det ikkje vert utført store terrenginngrep i BUN3.

Kommunen har signalisert at dei ønskjer konkrete forslag til føresegn. Vårt forslag til føresegn til BUN3 er:

*«Før ein kan gjere/starte med nye tiltak i BUN3, må eksisterande flytebryggje på 9x2 meter nord for BUN 3 på gbnr. 130/9 fjernast. Det er eit vilkår for alle nye tiltak innan BUN 3 og skal vere eit vilkår i vedtaket/rammeløyvet.*

*Det kan byggjast ei mindre, felles flytebrygge med plass til fire båtar framfor BUN 3.»*

*«I BUN 3 skal ein tilpasse utbygginga til terrenget slik at ein tar vare på eksisterande terreng ved oppføring av nye tiltak. Tiltakshavar skal vise det detaljert på teikningar med profilar som viser eksisterande og planlagde inngrep som ein del av søknaden til kommunen om rammeløyve.»*



Fylkesmannen legg til grunn at kommunen tar vedtak 051/19 og 052/19 opp til ny vurdering og at endringsforslag til reguleringsplan for skule- og barnehageområde på Kaland vert lagt ut som ei planendring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14.

Med helsing

Svein Kornerud  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*